

## **Søknad om IG for oppføring av nytt våningshus, samt ombygging/rehabilitering av uthus. GBNR 110/3, Skårnesvegen 91, 5955 Lindås.**

Det er gjort endring i ansvarsområde for utvendig stikkledning/ minireins og sanitæranlegg der det er Lindås VVS Nils Træland AS som har overtatt dette fagområdet. Dette skuldast ei misforståing i starten av prosjektet. Lindås Rør % Sanitær AS har ikkje vert involvert ut over søknaden om utslepp. Det er Lindås VVS AS som har hatt oppfølging etter dette. Det vert sendt inn melding frå Lindås Rør & Sanitær AS om opphør av ansvar.

Det er også gjort endring av bustaden, samt to uthus. Uthuset nord for våningshuset vert fjerna. Uthuset nær innkøyring til tunet fall delvis saman då dei skulle rehabiliterare veggjar. Tiltakshavar velde då å rive heile konstruksjonen og lage teikningar klart for eit kombinert uthus som høver godt til aktiviteten bruket har planlagt å drive med. Det rommer eit isolert teknisk rom for pumper som trengs for utstyret i driftsbygningen, verkstad, bodplass og også areal for grønnsakspiring, med lagring. Her er også eit rom med wc/ dusj for å kunne drive effektivt.

Vi har for ordens skuld lagt ved skjema A-1 «Opplysninger om ytre rammer og bygningsspesifikasjon for tiltaket». Utnyttingsgrad gir liten meining siden dette er ein stor landbrukseigedom, men gir ei grei oversikt over endringar i bygningsmassen sitt fotavtrykk.


Oppdaterte teikningar og situasjonsplan er lagt ved. Det vert sendt inn oppdatert situasjonskart med koordinater for plassering av bustad, uthus, minireins og stikkleidningar ved ferdigmelding.

Estetikk.

Det nye våningshuset vert oppført med hovedetasjeplan på bakkeplan og loftsetasje som foreløpig ikkje har fått avklart planløsning. Huset har liggjande kledning, saltak og er slik sett i tråd med tradisjonell vestlandsk byggjestil. Det same gjeld det rehabiliterte uthuset som også står godt til den gamle driftsbygningen og det nye våningshuset.

Kolstad 2. mai -23

**Ing. Taule AS**



Karl Atle Taule